

## Referat frå presidentens møte 09.09.2019

---

- Presidenten ønske velkomen til møtet.
- Fødselsdagar. Sverre Holm, 78 år 3/9; Marianne Johanstuen, 62 år 7/9.
- Ord for dagen: Diktet «Lyder i Sælebots-bota», av Jakob Sande.
- I går 8/9, var det festen for fødselen til Maria møy.
- Oppsummering etter guvernørvitjinga. Kan vi rekruttere firma? Kva slag kontingent? Olav Nysæter kan kontaktast om dette.
- Presidenten hadde nokre tankar kring valet, demokrati og ytringsfridom. Det siste gjeld både i vanlege media og på nettet. Menneske som t.d. er skeptiske til ropa om klimakrise og klimapanelet sitt arbeid, kjem nesten aldri til orde i NRK og avisene. Unntak: T.d. Dag og Tid, Stavanger Aftenblad og Fredriksstad Blad
- Det blei ein fin samtale om dette, og tida gjekk fort.
- Takk til fest- og kameratskapskomitéen som ordna med kaffi og servering.
- Presidenten minna om møtet neste måndag på vassrenseanlegget.